



Årsmelding 2014

Henny Skildheim, 6872 Luster, leiar
Sigmund Feten, nestleiar, 6899 Balestrand
Ole Jørgen Lerum, 6856 Sogndal
Ingmar Hjellum, 5745 Aurland
Heidi Eiken, 6863 Leikanger
Rolf Steinar Bøe, Ljøsne, 6887 Lærdal
Tom Idar Kvam, 6869 Hafslø
Tage Nondal, 6869 Hafslø - tilsette sin representant

1. vara, Torfinn Skårheim, 6888 Borgund - møter til alle styremøte
2. vara, Harald Hess, 6869 Hafslø
3. vara, Jarle Barsnes, 6856 Sogndal



På Landbruksvikarkurs på Skei med aktivitetsdag på Lunde. Landbruksvikarane møter kollegaer frå andre lag, her er Julie Bøtun og Hans Å. Sand saman med vossingane.

Medlemer, aktive: 439 (348)
Tilsette: 691 (658) lønns- og trekkoppgåver
66,3 (61,5) årsverk

Administrasjonen: Det er 1,5 årsverk i administrasjonen.

Revisor:

PriceWaterhouseCoopers, PwC, Sogndal.



DRIFTA

28 saker er handsama i styret på 4 styremøte.
Styret er nøgd med den positive utviklinga som laget har.
91 nye medlemmer.

Vik Bygdeservice SA fusjonerte med Landbrukstenester Sogn gjeldande frå 1.1.2014.

I fusjonsplanen, som vart godkjent på nytt årsmøte den 13.10.2014, heiter det mellom anna:

«Styret i Vik Bygdeservice skriv i årsmeldinga for 2013 at i følge vedtektene er hovudoppgåva til Vik Bygdeservice SA å skaffe avløyning slik at medlemmane kan få regelmessig fritid, avlastning i onnetider og avløyning under sjukdom. Den beste måten å gje medlemmane denne servicen er å opne for fusjon med Landbrukstenester Sogn.

Landbrukstenester Sogn har drive avløyartenester i Årdal, Lærdal, Aurland, Sogndal, Leikanger, Balestrand og Luster sidan 1.1.2006 og har oppnådd gode resultat med omsyn til ordinær drift og spesielt beredskap. Laget har god og kvalifisert arbeidskraft i alle deler av regionen.»

Det er vidare naturleg at Vik får 1 representant i styret. Dette blir ei oppgåve for valnemnda å få på plass frå 2015.

Landbruksvikar (LV): Landbrukstenester Sogn får tilskot frå Landbruksdirektoratat, 5,5 årsverk (5,13), etter søknad, kr 1 265 808 pluss kr 220 292 til administrasjonskostnader. Sum kr 1 486 100 (1 364 510).

Alle bønder i Indre Sogn har tilbod om landbruksvikar uavhengig av medlemskap i Landbrukstenester Sogn.

Beredskapstelefon etter ordinær arbeidstid mobil: 917 76626

Tilsette landbruksvikarar:

Rusu Dorian, Sogndal, Leikanger og Luster
Mantas Martusevicius, Lærdal, Årdal, Aurland (50 %) NY
Tage Nondal, Luster
Kåre Kvamme, Aurland og Lærdal (80%)
Jacob Arrèhn, Vik og Balestrand
Inger Johanne Yttri, Luster og Sogndal NY

Landbrukstenester Sogn



3

Jan Ove Fuglesteg, Luster, deltid
Julie Bøtun, Fresvik, deltid
Ingvil Ness, Fresvik, deltid
Gabriela Rusu, deltid

Hans Sand, Lærdal, Årdal, Aurland, pensjonert frå (07.06.2014.) Deltid
Tormod Herre, Luster (Slutta 31.01.14)

Me leiger inn personale på deltid i periodar med mange bestillingar. Det har vore veldig god etterspurnad etter arbeidshjelp ved både sjukdom og ferie- og fritid.

Mantas Martusevicius er tilsett i 50 % stilling som landbruksvikar i Lærdal, Årdal og Aurland frå 1.1.2015 og 50 % som avløyssar. Han har kome godt i gang i jobben sin.


Me har hatt akuttsituasjonar og er veldig nøgde me at landbruksvikarane stiller opp på kort varsel.

Det mest vanlege er likevel at gardbrukarane bestiller landbruksvikar, og at arbeidsplan vert sett opp kvar fredag for komande veke. Då vil alltid gardbrukarane med størst behov ha sikra fyrsteretten sin til landbruksvikar og dei tilsette får alltid arbeidsplanen sin i god tid.

Samla omsetnad LV kr 3,1 mill (2,9 mill)
74 (63) føretak har nytta landbruksvikar.
676 (627) dagar sjukdomsavløyssing.
597 (549) dagar anna avløyssing.

Ferie- og fritidsavløyssing er det største området me administrerer. Samla omsetnad kr 16,5 mill (15,1).
Samla 52,26 årsverk.

6 avløyssarringar:
3 avløyssarar i Fjærland: Aleksander Miodunka, Nils Lidal, Stein Roar Haugen
1 avløyssar på Hafslø: Steinar Kalhagen
2 avløyssarar i Jostedalen: Kjetil Ruud og Hege Osnes (deltid)
2 avløyssar i Balestrand: Renate Rendedal og Gintautas Butkus (sesong)



Landbrukstenester Sogn, Pyramiden, 6868 Gaupne - tlf. 909 62157 - telefaks 947 61353 -
<http://www.landbrukstenester-sogn.no/> - Org.nr. 971 364 041 – mobil 917 76626

Email: aud.fossoy@n-lt.no, solveig.sperle@n-lt.no

Indre Sogn Sparebank: 3838 07 65931



Arbeid utført ved sjukdom m.v:

Omsetnad 1,9 mill (1,8).

Årsverk: 7,47.

Når bonden blir sjuk kan han anten velje landbruksvikar som arbeidshjelp eller deltidsavløysar/familie. Sjølv om me har stor aktivitet for landbruksvikarane er det likevel mange som ordnar arbeidshjelp gjennom familie og anna kjennskap. Det er bonden sjølv som bestemmer dette.

Det er 62 (62) søknader, avløysartilskot ved sjukdom m.v. som er handsama av kommunane. Som kjent er det Fylkesmannen som utbetalar tilskotet etter vedtak frå kommunane.

Andre oppdrag: Løn til personar under 15 år og lønningar utanom jordbruket, og også sesongarbeidar.

Omsetnad: 2,7 mill (2,6).

Årsverk: 5,06

Styret takkar alle tilsette for godt utført arbeid.

ØKONOMI

Resultat før skatt siste 8 åra:

2007:	151 000
2008:	110 200
2009:	-63 900
2010:	139 000
2011:	- 78 400
2012:	-58 800
2013:	138 100
2014:	47 500

Overskot : 384 700

Landbrukstenester Sogn har god eigenkapital, kr 1,6 mill, 6,86 % av omsetnaden.

Rentebereking medlemskonto. Rentefot i år:

Kreditrente: 0,75 %

Debetrente: 2,50 %

Medlemsrabatt 0,8 % når utgifter på medlemskonto > kr 100 000.

Maksimalt avløysartilskot kr 73 500 (72 000). 2 % auke (4 %).

Staten sitt tilbud var nulloppgjjer, men heldigvis for oss fekk Venstre og Krf på plass 2 % då jordbruksoppgjøret skulle godkjennast i Stortinget.

Avløysartilskot ved sjukdom kr 1 500 (1 400) pr.dag.

Landbrukstenester Sogn, Pyramiden, 6868 Gaupne - tlf. 909 62157 - telfaks 947 61353 -
<http://www.landbrukstenester-sogn.no/> - Org.nr. 971 364 041 – mobil 917 76626

Email: aud.fossoy@n-lt.no, solveig.sperle@n-lt.no

Indre Sogn Sparebank: 3838 07 65931



INFORMASJON

Det vert lagt ut informasjon på www.landbrukstenester-sogn.no

Ny webside som administrasjonen har mål om å oppdatere relativt ofte. Her ligg likevel faste opplysningar som alle har nytte av, spesielt ved sjukdom.

JS-brosjyre, online Multimedia Brosjyre i 2500 eksemplar er kjøpt. Annonseinntekter frå lokalt næringsliv og kommunar. Fine fotografi og god tekst skal informere alle om drifta og tenestene i Landbrukstenester Sogn.

Det vart sendt ut infoskriv to gonger i meldingsåret:

- Overenskomst for jordbruks- og gartnerinæringa, lønstariff
- Beredskapsordning og vakttelefon kveld og helg
- Oversikt landbruksvikarar i regionen
- Fristar for innlevering av timelister.
- HMS og risikovurdering
- Fristar ve dårsoppgjeret

NYTT frå 1.1.2015

- A) Både avløysartilskotet og tilskot til avløysar ved sjukdom m.v. blir betalt direkte til bonden. Landbruksdepartementet har, gjennom ny forskrift, teke bort valet på søknadsskjema. Når bonden får utbetalt avløysartilskotet i juni 2015 må ein sjølv overføre beløpet til Landbrukstenester Sogn sin bankkonto 3838 07 65931.
- B) Samdrifter må også dokumentere avløysarutgifter.
- C) **A-ordninga. Ei melding til tre etatar.** Ein samlerapport til Skatteetaten, NAV og SSB (Statistisk Sentralbyrå),. Innsending frå lønssystemet kvar månad. Timelister må leverast og lønnast etter kvart for avløysaren skal ha rettar i sjukelønsordninga (NAV).

OTP

Landbrukstenester Sogn har **Obligatorisk tenestepensjon (OTP)** for arbeidstakarar over 20 år med minst 20 % stilling, 2 % av brutto løn. Denne kostnaden blir dekkja inn med påslag på 0,6 % på alle lønningar. Forsikringsleverandør, Gjensidige Forsikring. Sesongarbeidarar med tilsetjing meir enn 3 år får også OTP når dei har meir enn 20 % stilling.



KURS OG MØTE

- Møte med Fylkesmannen, 13. februar. Landbruksvikarordninga.
- Årsmøte NLT, 2.-3.april. Aud var vald utsending. Aud fekk styreverv i NLT, tilsettere representant.
- Årsmøte LT Sogn. 9. april på Sogndal Hotell. Jens Nes avslutta som leiar og fekk heider med vase og blomar.
- Vårsamling, kurs, NLT 26.-28. mai på Gardermoen. Internkontroll og ny webside. Solveig og Aud.
- Kurs for landbruksvikarar og avløyssarar på Skei 26.-28. august. Tema: HMS og internkontroll. 50 deltakarar. 11 deltakarar frå Landbrukstenester Sogn. Arrangert i samarbeid med Hordaland. Utflukter til Stardalen. Taparkyr i robotfjøs. Aktivitetsdag på Lunde gard. Mange positive tilbakemeldingar etter kurset.
- Ekstra årsmøte Landbrukstenester Sogn og Vik Bygdeservice den 13. oktober. Endeleg godkjenning av fusjon.
- Haustsamling på Gardermoen 21.-23.oktober med NLT som arrangør. Tema: Webside. Strategiplan. Deltakarar: Henny Skildheim, Solveig Sperle og Aud Fossøy.
- Tilsyn: 18. november. Arbeidstilsynet kalla inn til felles tilsyn for alle avløyssarlag i Sogn og Fjordane i Førde.
- Personalmøte med julelunsj på Sogndal Hotell 2. desember. Julegåver. Informasjon.

FRAMTIDA

Landbrukstenester Sogn har no administrering av samla avløyssartenester i heile Indre Sogn. Her er potensiale til fleire nye medlemmer og styret vil lage ein plan for gjennomføring av verveaksjonar.

Framleis drift

Styret si meining er at grunnlaget for framleis drift er tilstades og rekneskapen er sett opp under denne føresetnaden.

Landbrukstenester Sogn



7

Arbeidsmiljøet

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet til å vere godt.

Ytre miljø

Landbrukstenester Sogn forureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Landbrukstenester Sogn har 691 tilsette og 35 % av dei er kvinner og 65 % menn. Laget har 8 personar i styret der 6 er menn og 2 er kvinner.

Gaupne, 5. mars 2015

Styret:

.....
styreleiar

Henny K. Skildheim

.....
nestleiar

Sigmund Feten

Rolf Steinar Bø

Ole J. Lerum

.....
Heidi Eiken

Ingmar Hjellum

Tom Idar Kvam

Tage Nondal

.....
dagleg leiar

Aud Fossøy

Landbrukstenester Sogn, Pyramiden, 6868 Gaupne - tlf. 909 62157 - telefaks 947 61353 -
<http://www.landbrukstenester-sogn.no/> - Org.nr. 971 364 041 – mobil 917 76626

Email: aud.fossoy@n-lt.no, solveig.sperle@n-lt.no

Indre Sogn Sparebank: 3838 07 65931